



Kyrkjekoret for Kvinnherad i gong med si første øving.

- Å no er eg very happy, var avslutningsorda frå sprudlande Eva Megyesi til medlemene i det nye kyrkjekoret Nordmadrigal etter den aller første øvinga som var i Uskedal kyrkje mandag kveld. Då hadde dei lagt bak seg ei øving med tydelege teikn på at dette vil gje nye, gode opplevingar både til publikum og kormedlemmene.

Etter at Eva Megyesi innleiingsvis hadde ønskt velkommen, kvart medlem hadde presentert seg og ho hadde fortalt litt om korleis ho hadde tenkt seg aktiviteten i koret, gjekk dei i gang med oppvarmings- og stemmeøvingar. Pusteøvingar vart det også fokusert litt på.

Eva Megyesi har sagt at dei skal syngja mykje fin kyrkjemusikk, litturgiske songar og salmar, litt gospel og klassiske songar. Den aller første songen kyrkjekoret gjekk i gang med høyrer til i første kategori: Pris din Gud, mi sjel. Stemme for stemme vart dei 4 stemmene øvd effektivt inn før samsongen klang svært vakkert i Uskedal kyrkje. Deretter gjekk dei over til latinske Confetemi Domino som vart øvd inn på same måte.

Det såg ut som songarane kosa seg til Eva sine instruksjonar krydra med karakteristiske Eva-sprel. Det var både latter og humør så vi kan trygt seia at innøvinga gjekk med liv og lyst. Og det let overraskande godt på den første øvinga, og alle 4 stemmene kom flott fram. Eg spår at det vert eit svært flott nytt innslag på julekonserten i år dersom det høver for kormedlemmene! På den første øvinga var det fleire som hadde måtta melde forfall. Songarane første kvelden kom frå strekningen frå Rosendal til Sunde. Fem av dei var frå Uskedalen, og svært gledeleg var det at ein av dei var May Britt Fredheim som i desse dagar er i ferd med å flytta frå Ålvik til Rød. Neste gong vert dei truleg fleire, og Eva seier at ho tar med glede mot fleire songarar.

- Døra er alltid open for alle som vil syngja med oss, seier den dyktige og humørfylte dirigenten til slutt. Øvingane er kvar mandag frå kl.19 til 20.30 i Uskedal kyrkje.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland